

Morgendagen er her | bkk.no

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKAHUG

Gnr. 42, bnr. 60, 153
Gnr. 4, bnr. 60

Deres ref.:
Vår ref.: 11778480

Dato: 08.12.2016

Utbetring av straumforsyninga på Beitingen

Kapasiteten på lågspennettet i nordre delen av transformatorkretsen på Beitingen er overbelasta og må utbetrast. For å få det til må me etablere ein ny nettstasjon og forsyne inn på eksisterande lågspennett.

Me har utført nokre berekningar i kartet. Ut frå det har me laga ein grovplan me tenkjer å jobbe vidare med. Me sender den no til dykk som er grunneigarar i området planen berører.

Har de spørsmål, merknader eller andre innspel til planen, ber me om at de melder dei til oss slik at me kan ta dei med i det vidare arbeidet med planen. De må pårekna at det blir endringar i planen, etter innspel frå dykk eller ting me oppdagar når me går ut i terrenget på synfaring. De vil få den endelege planen tilsendt når den er klar.

For høgspent hengekabel og nettstasjon vil me skrive grunnavtale med berørte grunneigarar. For lågspenddelen er det nok med eit samtykkje til tiltaket.

For spørsmål og merknader ver venleg å ta kontakt med Ingvard Jordal på e-post: ingvard.jordal@bkk.no tf. 55127173, eller pr. post til: BKK Nett AS, v/l. Jordal, postboks 7050, 5020 BERGEN.

I denne omgang ber me om at det tar kontakt innan 23.12.2016 om de har innspel. Me ser for oss å jobba vidare med planen etter nytt år.

Vennlig hilsen
BKK NETT AS

For Ingvar Jordal